

Emne:	Referat regionalt planforum 26.04.2016 - Regional planstrategi	
Til stades:	Vegar Chr. Walsø, Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), Håvard Hammerstad, DMF, Beate Eldrup, Statens vegvesen samfunnsseksjon, Tone H. Stople, Statens vegvesen samfunnsseksjon, Kari Elster Moen, Statens vegvesen plan og forvaltning, Ola Midttun, Fiskeridirektoratet region Vest, Gudrun E. Stefansdøtter, Fylkesmannen Kommunal- og samfunnsplanavd, Arve Meidell, Fylkesmannen, Christian Stoutland, Vest politidistrikt, Torill Klinker, Jernbaneverket, Torild Hage, Jernbaneverket, Pål Bjørseth, Bergen kommune, Hillevi Runshaug, Hordaland fylkeskommune opplæring, Hans Inge Gloppen, HFK næring, Jomar Ragnhildstveit HFK, klima- og naturressurs, Else-Marie Aarø, HFK næring/folkehelse, Per Nordmark, HFK plan, Sigrid N. Bjercke, HFK plan, Marit Rødseth, HFK prosjektieiar for regional planstrategi, Liv Sundheim, HFK plan	
Forfall:		Sak: 2014/13624-98
Møtetid:	1300 - 1500	Møtestad: Fylkeshuset

Møteleiar: Eva Katrine Taule**Referent: Liv Sundheim**

Regional planstrategi – utkast

Eva K. Taule ønskte velkomen og Marit Rødseth orienterte om organisering og prosess, og gjekk gjennom innhaldet i utkast til regional planstrategi.

Organisering

Det er ønske om sterk politisk forankring på forskjellige nivå, derfor er fylkesutvalet styringsgruppe. Det er etablert samrådsgruppe med alle fagutvalsleiarane, ordførarrepresentant frå kvar region, samt fylkesmannen. Dette er nyskaping og forenkling frå forrige gang. Topleiarane er referansegruppe, her er og plankontakter og prosjektgruppe. Prosessen er koordinert med annan intern prosess i fylkeskommunen.

Prosess

Prosess starta etter nyvalet og ein har hatt dårleg tid. Det har vore samrådsmøte i fylkestinget og ein er no i siste fase før forslag til styringsgruppa 19. mai. Det skal på høyring. Vedtak i Fylkestinget i desember.

Arbeidet starta opp med medverknadmøte eksternt 4. september, der det var invitert fagetatar og kommunar og der det var ein prosess basert på SWOT-analyse. Det har vore innspelsmøte undervegs.

Arbeidet har vore tema i ulike fora: Årssamling i regionalt planforum, samrådsmøte, plankonferansen 2015, plannettverk, brev til kommunane med synspunkt på kommunal planstrategi etc.

Det er produsert dokument og rapportar om utviklingstrekk, utfordringar, kunnskapsoversikt om folkehelse. Folkehelse rapporten har hatt stor innflytelse, og med mykje medverknad. Nasjonale forventningar og fylkesmannen si vurdering høyrer også med. Av utviklingstrekk kan stikkordmessig nemnast befolkningsutvikling, ulike føresetnader mht flyttebalanse, innvandring, bustadbygging, fråfall i skulen, klimaendringar, lakseoppdrett, strandsone, auke i tettbygde strok, sand og grus – naturressursar

Disposisjon av regional planstrategi

Regional planstrategi skal innehalde langsiktige mål. Sidan forrige planstrategi er sysselsettingssituasjonen endra.

Stikkord: Inkluderande samfunn, Klima og miljøvenleg utvikling, Sterk Vestlandsregion, Strategi for høg sysselsetting, Nyetablering, Samhandling utdanning – arbeidsliv.

Regional planstrategi skal seie noko om utviklingsretning, politisk vilje og kva planar vi treng. Det skal sette trykk på gjennomføring av regionale planar. Det er forskjell på kommunal og regional planstrategi. Det er nytt at regional planstrategi skal ha mål. Den nye planstrategien blir meir som ein fylkesplan enn den forrige.

Kommentarar til hovudmåla

Som strategiar for inkluderande samfunn er nemnt utvikling og tiltak knytt til grunnskule, vidaregåande skule, frivillige organisasjonar og attraktive regionale senter.

- Kva er strategi mot næringslivet?
Svar: dette har vore diskutert, ein ser arbeid som det viktigaste for å bli inkludert, dette blir omtalt under sysselsetting.
- Gjer fylkeskommunen det enkelt for seg ved å la frivillige ta seg av integrering? Kvaliteten i skulen må definerast som viktig for inkludering. Forskning om elever i yrkesfag viser at løpet ikkje har forandra seg - handlar dette om lærlingeplasser, samarbeid næring – skule? Er det nokre nokre element som fell bort?
Svar: Temaet kunne fortent ei stor satsing. Det blir jobba med vidaregåande opplæring – ikkje berre skuledelen, men også læreplanar. Ein har som mål å oppretthalde delen som vel yrkesfag. Det vert jobba med plan for kompetansesarbeidsplassar og mot lærebedrifter og ein er i full utvikling med mange ulike tiltak. Vi lagar ikkje eigen plan, men ser at vi enno ikkje har heilt samla grep. Politikarane hadde ønske om å ha frivillige organisasjonar med. Tanken bak er styrking av sivilsamfunnet – og at ikkje alt skal løysast av det offentlege.

Strategiar for Klima- og miljøvenleg utvikling er viktig punkt og det er ønske om planstyrt utvikling. Aktuelle regionale planar er: Revisjon av klimaplanen, regional plan for areal og transport, godshamn (usikker), regional transportplan, ny regional plan for areal, natur og kulturminneressursar, vassregionplan, delrevisjon av Hardangerviddaplanen.

Om ny regional plan for areal:

Aktuelle tema er friluftsområde, landbruk, landskap, kulturminne –kulturmiljø, kulturlandskap, naturmangfald, strandsone, fjellsoneforvaltning, faresoner, vasskraft, akvakultur, marine ressursar, mineralressursar, vindkraft. Regional plan for LNF-område låg inne i forrige planstrategi, men vart ikkje gjennomført grunna kapasitetsomsyn. Arealpolitiske retningslinjer er ei samling til dels utdaterte retningslinjer frå tidlegare planar. Dette er viktig bakgrunn for dette planarbeidet.

Det vart stilt spørsmål om det er lurt å ha dei i same plan, eller i forskjellige planar.

Kommentarar:

- Det er ei utfordring å jobbe med dei ulike interessene i kystsona og det er viktig å gi kommunane gode reiskaper for forvaltning (Fiskeridirektoratet)
- Det er fint at steinressursar blir tatt inn (DMF).
- Det kan bli oppstykkar – kan det gjerast enklare?
- Det er fint med natur i plan, men ein saknar verksemdsbasert risiko. Det er t.d. utfordringar knytt til godsterminal i Bergen, kva med evakueringssituasjonar? (Fylkesmannen)
- Er det tenkt verdikartlegging? Det må vere ei verdiklassifisering som vi blir einige om regionalt, både for utnytting og vern.
- Det må vere rett tiltak på rett plass for å motvirke fragmentert utbygging, også i trafikksikringsperspektiv. Det blir feil med eigen samferdselsplan, det er eit viktig tema i den store samanhengen.
- Utnytting av naturressursar er annleis enn LNF-plan. Vi har senterplan om bustader og transportplan, dette blir nesten «resten».
- Om det juridiske: vert det juridisk binding eller retningslinjer i planen?

Svar: Ein vil ikkje utelukke juridisk binding.

- Tenkjer ein seg regionale mål og retningslinjer innan alle ulike tema? Skal nasjonale forventningar, spesielt om klima og naturvenlege transportformer inn der?
Svar: Det er ikkje mål om planar for alt, men det er snakk om politikktutforming og effekt på utviklinga i fylket. Det vil bli regionalt perspektiv og eit anna detaljeringsnivå enn i kommunale planar. Vi ønsker å ta fatt i utfordringar vi ser, og som varierer frå fylke til fylke. Vi vil ikkje lage heildekkande arealplan. Mykje må gjennomførast i kommunale arealplanar.

Om planlegging i sjø:

- Det er ønskeleg med meir einheitleg arealforvaltning for kystsona slik at vi får samanheng. Kommunegrensar er kunstige barrierer. Fiskeri blir stadig aktuelt, det er viktig med større oversikt enn på kommunalt nivå. Kor sterkt vil planen stå juridisk for å binde kommunane? (Fiskeridirektoratet)
- Svar: Det er to nivå: Kart er retningsgjevande og fylkeskommunen kan ta inn juridisk bindende føresegnar i planen. Desse er tidsavgrensa 10 år inntil dei er innarbeidd i kommuneplan. Det er kommuneplanen som gir varig binding. Retningslinjer er grunnlag for å fremme motsegn dersom det er strid med regional plan. Motsegnsinstituttet er til for å sette grensen.

Saksopplysning frå Statens vegvesen: Rammeplan for avkøyrslar er under revisjon.

Innspel frå politiet: Vi har vore med å påverke innhaldet i planstrategien. Inkludering, utanforskap og førebygging er i politiets arbeidsfelt. Vi er i gang med nytt politidistrikt og ny kriminalitetsanalyse og det må riggast for nye utfordringar.

Om klima- og miljøvenleg utvikling:

På spørsmål om status for regional klima- og energiplan vart det svart frå fylkeskommunen at det er høgt ambisjonsnivå og at arbeidet har høg prioritet. Resultat av Parisforhandlingane hevar ambisjonsnivået. Det er stor politisk interesse for hydrogen og batteritenking, og også vasskraft.

Om samarbeid i sterk Vestlandsregion:

Bakgrunn: Politikarane vil etablere eit fylke på Vestlandet med fleire statlege oppgåver. Vi som region kan påverke prosessar i Europa. Store økonomiske ressursar kan hentast inn. Det kan styrke regionale transportsamband og digital infrastruktur. Det vert meir digitalisering av offentleg tenester. I framtida vil folk busette seg der det er best digital infrastruktur. I dag er Vestlandet i bakevja. Det trengst meir kablar i bakken, bør koplatt til storsatsinga i EU.

Jernbaneverket kommenterte at godshamn vert vurdert i Vestlandsperspektiv. Konklusjon er ikkje gitt (Jernbaneverket).

Det var også kommentert at det er viktig med kopling til økonomiplanar i fylkeskommunen sitt system.

Til slutt var det takka for god dialog. Det vert høve til å kome med høyringsinnspel i høyringsperioden 1. juni – 15. september. Det vert laga høyringsrapport.

Nettside om arbeidet med regional planstrategi: <http://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regional-planstrategi/>